



Foto: Newton Flora

Bee-bot og humleliv

I Bee-bot og humleliv skal barna lære om humler og humlenes liv, og dei skal bli kjende med grunnleggjande algoritmisk tenking gjennom lek og programmering av små robot-humler (Bee-bot). Barna skal undre seg over korleis humler og bier klarer å skaffe seg mat, pollenspreiing og det å lage honning.

Dette er barna sitt første møte med Newton-rommet. Leik og det å bli kjende i rommet er også eit viktig mål.

Kort modulplan:

INTRODUKSJON OM HUMLER:

- Barna syng, deltek i samtale, helser på Humle Brumle, studerer ein blomst og ser ein kort animasjonsfilm.

VI ER HUMLER:

- Barna leiker humler.

ROBOTPROGRAMMERING:

- Introduksjon til Bee-bot, barna programmerer humla til å følge ein veg til blomstene, leik med Bee-bot.

DIALOG OG SANSEINNTRYKK:

- Kva kan vi gjere for å hjelpe humlene, samtale, bevisstgjere sansar, smake og lukte på honning, ulike humle-arter.

Planen for modulen er fleksibel slik at det blir tid til spørsmål og innspel frå ungane. Barna må oppfatte at dei blir tatt på alvor, og at dei er med på å forme innhaldet i modulen.

Korte fakta

- Varighet: 2 timer
- Målgruppe: 4-5 år
- Maks antall barn: 10

Rammeplan

Natur, miljø og teknologi

- Barnehagen skal bidra til at barna - får kjennskap til naturen og bærekraftig utvikling, lærer av naturen og utvikler respekt og begynnende forståelse for hvordan de kan ta vare på naturen
- Personalet skal - utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomener sammen med barna.

Antal, rom og form:

- Barnehagen skal bidra til at barna - leker og eksperimenterer med tall, mengde og telling og får erfaring med ulike måter å uttrykke dette på
- Personalet skal - bruke digitale verktøy og utstyr for å inspirere barna til matematisk tenkning.